



// REFERAT

Møte i brukarutvalet for NAV Vestland 06.02.2026

Til stades:

FFO Vestland – Gunn Sande
FFO Vestland – Anfinn Hammer Feng
FFO Vestland – Mette Magdele Midtseter
FFO Vestland – Aslaug Kalstad
Unge Funksjonshemmede – Heidi Melum
SAFO Nordvest – Brit Galaasen
Vestland Innvandrarråd - Joyce Breeze Kamara
Kreftforeininga – Anita Utstun (vara)
LO Vestland – Magne Hestad (vara)
NAV Vestland – Katrine Marthinsen, avdelingsdirektør
NAV Vestland – Anette Lefdalsnes, vikar for sekretær
NAV Hjelpemiddelsentral Vestland – Frode Hovland

Forfall:

FFO Vestland – Else-Berit Helle, Endre Lokøy, LO Vestland – Elise Dåvøy,
Kreftforeininga: Arvid Åsen, proLARnett: Christine Lønne, SAFO Sørvest: Ingeleiv
Haugen, Nav Ytingslinja: Bente Rotnes Nielsen, Emilie Pons, Nav Kontaktsenter
Vestland: Bente Brathagen

Sak 01-26 Møteinnkalling, godkjent

Sak 02-26 Saksliste godkjent

Sak 03-26 Referat godkjent

Sak 04-26 Status for logg, gjennomgått og godkjent

Sak 05-26 Val av nye medlemmar

Kandidatar på val:

Elise Dåvøy (LO) – valt for ny periode

Christine Lønne (proLARnett) – valt for ny periode

Åslaug Kalstad (FFO) – valt for ny periode

Ingeleiv Haugen (SAFO Sørvest) – stiller ikkje til ny periode. Vara Kari Tungesvik – valt som erstattar

Heidi Melum (Unge funksjonshemmede) – valt for ny periode

Nav har ingen innvendingar til val av nye medlemmar

Sak 06-26 Val av ny leiar/nestleiar

Leiar Gunn Sande er attvalt for 2026.

Nav støtter kontinuitet og stabilitet i leiarvervet. Nav stiller framleis med nestleiar Kathrine Martinsen.

Sak 07-26 utfordringar Nav digitalt

Leiar Gunn Sande introduserer temaet med å lese opp brev frå FFO-medlem om utfordringar med Nav sine digitale løysingar. Det fremmast forslag om å rette fokus på tematikken rundt universell utforming gjennom året 2026.

Innlegg frå David Hole frå Seksjon for brukarinnsikt i Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Brukaroppleving og universell utforming

Direktoratet oppretta i 2025 ei eiga avdeling for brukaroppleving. I avdelinga er det ulike seksjonar med ansvar for design av tenester, ein seksjon for brukarinnsikt og innsamling av brukardata og arbeid med universell utforming. I avdelinga ligg og Nav sitt sentrale brukarutval, og ansvaret for å sjå til at Nav sine tenester er i tråd med lov om likestilling og diskriminering.

Korleis jobbar Nav med utvikling av våre digitale løysingar.

I Nav er det om lag 200 team som jobbar med å utvikle digitale applikasjonar. Det er ein designseksjon med 100 designarar, produkt- og tenestedesign, design research m.m.

Nav sine tenester skal vere tilgjengelege for så mange som mogleg, uavhengig av funksjonsevne eller brukssituasjon. Dette følger av forskrift for universell utforming, og Nav pliktar som offentleg verksemd å ha ei tilgjengelighetserklæring. Lova seier berre noko om at løysinga eller tenestene skal være tilgjengeleg, lova seier ingenting om kvaliteten på løysinga. Når det gjeld design finst det mange personlege preferansar, og mål med utvikling av løysingar er å lage den løysinga som fungerer for flest mogleg. Brukarutvalet ønsker ein mogelegheit til å gje innspel på forbetringa på digitale løysingar. Hole deler e-postadressa uu@nav.no for tilbakemeldingar kring universell utforming. Dette blir formidla til utviklarteam som utviklar IT-løysingane. Hole informerer og om nettstaden [Aksel - Aksel.nav.no](https://aksel.nav.no) for fleire detaljar rundt Nav sine digitale løysingar, design, programmering og korleis digitale

Tips til feilmeldingar og tilbakemeldingar

- Identifiser feilen

- Beskriv feilen og omgjevnadane så detaljert som mogleg. Brukarstøtte og IT må kunne attskape feilen for å sjå til at det blir retta.

Sak 08-26 Brukarundersøkinga i Nav 2025

Seniorrådgivar Mascha Fauth frå avdeling Økonomi og analyse ved Nav fylkeskontor Vestland presenterer brukarundersøkinga (vedlegg 08-26)

Brukarundersøkinga i Nav er ei årleg nasjonal undersøking i regi av Arbeids- og velferdsdirektoratet. Spørsmåla handlar om brukarane si kontakt og erfaringar med Nav, og kor tilfredse dei er med kontakten.

Brukarutvalet er skuffa over låg svarprosent og ønsker at Nav Vestland jobbar med å auke denne. Utvalet vil gjerne hjelpe til med dette gjennom å spreie informasjon i sitt nettverk og medlemsorganisasjonar. I tillegg kjem det innspel om tilrettelegging for å svare på undersøkinga i fleire kanalar. Fauth vil ta med seg innspela frå brukarutvalet til dei ansvarlege for undersøkinga.

Sak 09-26 Aktuell informasjon frå styringslinjene

Frode Hovland frå Nav hjelpemiddelsentral Vestland informerer KS digital er ei felles digital teneste for kommunane i Norge. KS digital har nyleg lansert eit system, KS hjelpemiddel, som omfattar lager, logistikk og samhandling innan kommunale hjelpemiddel. Systemet gjer betre oversikt over logistikken kring bestilling, utsending og lokasjon for ulike hjelpemiddel. Bergen kommune har vore pilot for løysinga og melder om eit effektivt system med mindre feil. Sjå [KS digital](#) for meir informasjon.

Brukarutvalet spør om Nav hjelpemiddelsentral har ein beredskapsplan for menneske som treng hjelpemiddel. Her svarar Hovland at hjelpemiddelsentralen fungerer som ei 2.-linje. Det er kommunane som er deira brukarar og bestillerar av utstyr, og beredskapen for innbyggjarane er det kvar einiskild kommune som står for og følger opp.

Hovland tek gjerne imot førespurnader kring saker på hjelpemiddelområdet, men ønsker gjerne skriftlege orienteringar for vidare oppfølging og dialog.

Sak 10-26 Satsingar i Nav Vestland 2026

Avdelingsdirektør HR og organisasjon ved Nav Fylkeskontor Vestland, Kathrine Martinsen informerer (vedlegg 10.26). Nav jobbar med eit breitt spekter av ulike felt som blir tildelt tid og ressursar. I 2026 har Nav Vestland valt ut desse områda som særlege satsingar:

Innvandrarar

Nav skal jobbe for å sikre gode overgangar frå introduksjonsprogram til arbeidsretta oppfølging. Nav har og eigne jobbspesialistar som jobbar dedikert med innvandrarar.

Ungdom

Nav held fram arbeidet med ungdomsgarantien, som handlar om at unge i målgruppa får tilbod om ein fast kontaktperson som skal gi tett og tilpassa oppfølging så lenge det trengs. Rettleiarar i Nav tek i bruk hybridmodellen, og utviklar inkluderingskompetanse gjennom å jobbe meir med arbeidsretta oppfølging på ordinære arbeidsplassar.

Nærvær

Alle regionar skal jobbe for et godt og helsefremmande arbeidsmiljø og forebygge sjukefråvær. Arbeidet går føre seg i eit tett samarbeid med tillitsvalde og verneombod

Kompetanse

Nav skal vere ein lærande organisasjon som jobbar systematisk med å utvikle kompetansen for de tilsette. Dette omfattar å utvikle gode arenaer internt for deling og utveksling og gode system for å kartlegge og jobbe systematisk med kompetanse.

Sak 11-26 Orientering frå leiar

- Møteplan er vedteken. Framtidige datoar er 29. april, 3. september og 10. desember
- Alrek. Info frå Heidi og Arnfinn har hatt et møte med Thorleif Madsen. Det er etablert nye faggrupper og ein jobbar for tettare samarbeid og koordinering med strategisk brukarutval.
- Unit4 og reiserekning/koder delt i møteinnkalling. Leggast og ved i referatet.

Kostnadsstad: 128050

Oppgåvekode: W00066

Felleskode: C00039

- Sentralt brukarutval. Ønsker tilsendt møteinnkallingane for 2025. Nav Vestland skal etterspørje dette.
- Leiar minner om e-post for innspel av saker. Alle må sende inn forslag til saker tilredaksjonsrådet: orgvest.sutvalg@outlook.com

Sak 12-26 Feilutbetaling ved overgang fra AAP til uføretrygd (2010–2021)

Leiar Gunn Sande legg fram saka og forslag til brev (vedlegg 12.26).

Eit einstemmig utval stiller seg bak forslaget og leiar for brukarutvalet sender brevet til mottakarane skissert i vedlegget.

Sak 13-26 Kort evaluering

Brukarutvalet er samstemte om at det var eit godt møte, med særleg vekt på god møteleiing.